

Familie- og kulturkomiteen på Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Vår ref:
25/00367-1

Saksbehandler:
Lise K. Raffelsen Hope

Dato:
7. mai 2025

Innspel til Familie- og kulturkomiteen til Prop. 122 L (2024-2025) om endring i krisesenterlova

Barneombodet viser til Prop. 122 L (2024 -2025) som skal behandlast av Familie- og kulturkomiteen og har desse innspela:

- Vi er kritiske til at departementet ikkje har lagt fram eit forslag som sikrar barn eit likeverdig tilbod om krisesenter, uavhengig av kjønna til foreldra.
- Vi ber om at § 2. *Krav til krisesentertilbodet* femte ledd, om at butilboda til kvinner og menn skal vere fysisk skilde, blir fjerna for å sikre moglegheit for fleksible løysningar som varetar familiar med barn.
- Vi støttar departementet sitt forslag om å lovfeste eit krav om likeverdige alternative tilbod i krisesenterlova § 3 første ledd, nytt andre punktum.

Tilbodet i krisesenter må reflektere at barn er ein stor del av brukargruppa

Barn er sjølvstendige brukarar av krisesentertilbod og skal få varetatt rettane sine uavhengig av kjønna eller kjønnsidentiteten til foreldra.

Barneombodet meiner det er behov for at tilbodet i krisesenter i større grad reflekterer at barn er ein stor del av brukargruppa.

Departementet viser til at

«Etter krisesenterlova er § 3 andre ledd skal kommunen sørge for å ta vare på barn på ein god måte som er tilpassa deira særskilde behov, og òg sørge for at barn får oppfylt dei rettane dei har etter anna regelverk.» (s.36)

Slik lova er i dag, blir det stilt krav til kjønnsdelt krisesentertilbod.

I Menon Economics si undersøking av 2024 om kostnader ved tilpassing av krisesenterbygg kjem det fram at to tredelar av sentera meiner at dei ikkje kan tilby likeverdig butilbod til menn.

Torggata 2-4,
0181 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,
0028 Oslo

Barneombodet er bekymra for konsekvensane dette har for barn som følgjer med fedrane sine til krisesenter. Departementet viser til at forsøk med integrert krisesenter ved Romerike krisesenter har ført til eit betydeleg betre tilbod til barn som kjem med far. Vidare skriv departementet at kommunane framleis skal ha sjølvråderett i å vurdere kor og i kva måte dei skal organisere og tilby tenesta.

Samstundes vel departementet å ikkje fjerne kravet om kjønnsdelt krisesentertilbod. Slik vi les grunngjevinga, peikar departementet på behovet for meir forskingsbasert kunnskap om moglege konsekvensar av eit felles butilbod for kvinner og menn, og at den erfaringsbaserte kunnskapen til krisesentera er sprikande.

Det beste for barn skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle saker som vedkjem barn, og deira mening skal tilleggjast særleg vekt. Det skal mykje til dersom andre omsyn enn omsynet til det beste for barn skal gå føre. Skal det på generelt grunnlag leggjast større vekt på andre omsyn enn omsynet til det beste for barn, må dette grunngjenvært.

I vårt høyringssvar 16. september 2024 har vi spelt inn at ulikt tilbod kan verke diskriminerande og bryte med prinsippet om at barn skal ha likeverdige tenester. Her skriv vi vidare at i tilfelle der eit barn blir tilbydd därlegare tenester enn andre barn, må dette grunngjenvært. I tillegg må vilkåra for ikkje å bryte forbodet mot diskriminering vere at forskjellsbehandlinga er nødvendig, forholdsmessig og har eit legitimt formål. Vi kan ikkje sjå at omsynet til det beste for barn er tilstrekkeleg vurdert opp i mot behovet for meir kunnskap i denne lovproposisjonen.

Kriesenterlova har ikkje blitt revidert sidan 2010. No er tida inne for å leggje til rette for at barn får likeverdig tilgang til krisesenter, uavhengig av kjønna eller kjønnsidentiteten til foreldra. Barn har ikkje tid til å vente, dei har krav på å få varetatt behovet sitt for ein best mogleg oppvekst her og no. Barn skal ikkje oppleve å få eit därlegare tilbod fordi dei kjem dit med far eller ein forelder med annan kjønnsidenitet, eller måtte vere på skilde kriesentertilbod fordi eit av syskena over 18 år er gut. Dette meiner vi kjem i strid med barn sin rett til familieliv. Vi minner samstundes om at lovproposisjonen viser til artikkel 2 nr. 1 i FNs barnekonvensjon. Den slår fast at «ein person som blir diskriminert på grunn av tilknytinga si til ein annan person og denne sine eigenskapar, til dømes ein forelder, òg er forboden.» (s.16)

Ved å fjerne kravet om kjønnsdelt butilbod, vil det gje tilgang til meir erfaringsbasert kunnskap som vil kome kommunane til gode når dei skal vareta sitt ansvar som eigarar av kriesentertilbodet til sine innbyggjarar.

Ved å fjerne kravet om førehandsbestemt kjønnsdelt krisesentertilbod, får kommunane moglegheit til å organisere og tilby eit meir fleksibelt, tilpassa og medrekna individuelt tilpassa kriesentertilbod som samsvarar med eigne kommunale behov. I tillegg vil det gi rom for konkrete vurderingar av det beste for barn.

Barneombodet kan ikkje sjå at omsynet til det beste for barn er tilstrekkeleg vurdert i spørsmålet om kjønnsdelt krisesentertilbod. Vi kan heller ikkje sjå at grunngjevinga som her blir gitt er tilstrekkeleg.

Vi meiner at eit ulikt tilbod kan verke diskriminerande, og bryte med prinsippet om at barn skal ha likeverdige tenester.

Barneombodet kan derfor ikkje støtte departementsforslaget om eit kjønnsdelt tilbod, og vi tilrår at departementet gjer ei ny vurdering av konsekvensane av ein kjønnsnøytral lov, der det beste for barn inngår i vurderinga.

Krav om likeverdige alternative tilbod

Barneombodet støttar forslaget til ny § 3 første ledd, og nytt andre punktum i krisesenterlova i at

«Kommunen skal sørge for at tilboden så langt råd er blir lagt til rette slik at det kjem dei individuelle behova til brukarane i møte. Er tilrettelegging ikkje mogleg, skal kommunen sørge for likeverdige alternative krisesentertilbod for brukarar som ikkje kan nytte det vanlege tilboden ved krisesenteret.»

Departementet argumenterer for at ved bruk av alternative krisesentertilbod må kommunen vurdere konsekvensane for barn, og sørge for god oppfølging uansett kva krisesentertilbod dei blir plassert i. Det beste for barn skal alltid vurderast og vere eit sentralt omsyn.

Vi har i vårt høyringssvar 16. september 2024 bedt om at kravet om alternativt tilbod bør inn i loven. Her viste vi til grunngjevinga til departementet om at det med dette blir klarare at det er kommunen, og ikkje kvart enkelt krisesenter, som skal sørge for å gi eit tilbod til dei som ikkje kan opphalde seg på krisesenteret. Barneombodet meiner at slike alternative tilbod vil kunne styrke tryggleiken og behovet barn har for ro og stabilitet. Samstundes meiner vi at dette forslaget støttar oppunder tilrådinga om å fjerne kravet om kjønnsdelt krisesentertilbod.

Med vennlig hilsen

Mina Gerhardsen
barneombud

Lise K. Raffelsen Hope
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Torggata 2-4,
0181 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,
0028 Oslo